Deling er feil prioritering

Fyrst vil eg beklage at det i leiaren i FORM nr. 5/2016 stod at regjeringa sitt forslag om å dele faget kunst og handverk blei vedteke den 11. oktober i haust. Det korrekte vedtaket er at det skal greiast ut om faget skal delast i eit kunstfag og eit handverksfag på ungdomstrinnet.

Ingenting gleder fagmiljøet meir enn at fleirtalet av dei politiske partia vil styrke det praktiske arbeidet i skulen. Isaksen sitt forslag derimot, ser det ut til at eit samla fagmiljø er imot. Skal den praktiske dimensjonen i skulen styrkast er det andre grep som må takast.

Den siste månaden har det vore lesarinnlegg med gode argument mot Isaksen sitt forslag. Det vert peika på at ei deling kan føre til kjønns- og klassesegregering. Arne O. Walbye meiner at det i staden bør satsas på at arbeidslivsfag vert eit tilvalsfag alle elevar på ungdomstrinnet får moglegheit til å velje (Utdanningsnytt.no, 13.01.17). Om forslaget om deling vert vedteke skal elevane velje mellom kunst og handverk på ungdomstrinnet. Isaksen har ved fleire høve uttala at han meiner 12-åringar er i stand til å velje det dei er interessert i. «Gjer nybakte tenåringar det – eller vel dei i stor grad slik vener, foreldre og samfunnsnormene fortel dei?», spurde Dag og tid-skribent Siri Helle, 30. desember i fjor.

Fotografiet er frå Leonard Rickhard si separatutstilling ***Mellem Krig og Fred*** på ARoS Aarhus Kunstmuseum i 2016. Les intervju med Rickhard på side 16. Foto: ©Montgomery.

Ei anna innvending er at kunsten og handverket ikkje er to åtskilde disiplinar – verken i teori eller praksis. Både kunsten og handverket er forankra i solid handverksferdigheit og materialkunnskap. Dei to disiplinane utfyller kvarandre, og det er i skjeringspunktet mellom dei at innovasjon og kreativitet får moglegheit til å blomstre. Vår frykt er at kreativitet og innovasjon, som er etterspurde kompetansar i debatten om framtidas skule, vil falle mellom to stolar om deling vert eit faktum.

Eit av hovudresultata i TIMMS 2015 seie at læraren si faglege og pedagogiske kompetanse har positiv samanheng med elevane si læring. Dette løfta kunnskapsministeren spesielt fram på pressekonferansen om skuleundersøkinga 29. oktober i haust. Forsking som peikar på denne samanhengen er ikkje nytt, og burde ikkje overraske nokon. Med *Lærarløftet* ønskjer regjeringa å skape ein skule der elevane lærer meir. «Solid fagkunnskap er en forutsetning for å lykkes som lærer», står det i strategiplanen frå 2014 (s. 16). Likevel har talet på ufaglærte lærarar i grunnskulen auka med 38 prosent sidan 2014 (Klassekampen 19.01.2017). Det er stor grunn til å frykte at talet på ufaglærte lærarar i kunst og handverk i dag er høgare enn 43 prosent, slik tal frå SSB (2014) viser.

I inneverande år skal læreplanen reviderast. Det er klokt og vil kunne føre til ei tydelegare prioritering i skulen, der eit samla kunst- og handverksfag vert ivareteke. Om Isaksen trur at ei deling av faget i seg sjølv vil styrke handverksdimensjonen i skulen tek han feil. Skal handverket styrkast må ressursane aukast: Det må sørgjast for gode verkstadar, tolærarsystem med delte klasser, tid nok til å gå i djupna og sist, men ikkje minst må det sørgjast for ei massiv ajourføring av lærarar si fagkompetanse frå 1. trinn. Om ikkje desse investeringane vert gjort vil ikkje den praktiske dimensjonen i skulen verte styrka, deling eller ei.

Korleis ei deling av kunst og handverk skal greiast ut veit vi i skrivande stund ikkje noko om. La oss håpe kunnskapsministeren tar synspunkta frå fagmiljøet på alvor og inkluderar oss i utgreiinga om framtida til kunst- og handverksfaget.

Bibbi Omtveit